



Valldal bygdekvinne lag, styremøte 8.januar kl. 1800

Leiar kalla inn til utvida styremøte der leiarane i undergruppene deltok.

Desse møtte: Nelly, Vigdis, Mette, Eva, Mette Marie, Solveig, Judith og Bjørg.

Sak. 6/19 Gjennomgåing av referat ved Solveig og orienteringar.

Nelly orienterte om økonomien i laget.

Sak 7/19 Tradisjonsmat

Brita Melchior og Elisabeth Golten vil delta på kurs for kursleiarar.

Dei kan då halde kurs i eige nærmiljø.

Sak 8/19 Årsplan.

Bjørg har utarbeid utkast til årsplan og ba om innspel. Vi vil fortsette med Syng med oss, Fredags kafé og Kyrkjekaffi. Kyrkjekaffi fungerte veldig godt på fellesstova på sjukeheimen. Bjørg melder frå om det til Magne Eivind Glomnes. Vi vil følgje om tema Tradisjonsmat. Det kan være aktuelt med kurs for 4H og skulane. Vi skal delta på fylkesårsmøte og samrådsmøte.

Sak 9/19 Beredskap.

Solveig har vært i kontakt med Harald Grytten som er positiv til å kome. Tema beredskap/by og land er aktuelt tema. Kan VBK lage til ein kulturkveld?

Sak 10/19 Martha Schumann 100 år.

Forespørsel til VBK om deltaking på arrangement om servering av kaffi og kaker. Laget ber om eit honorar for jobben.

Sak 11/19 Samrådsmøte.

Styret vil søke fylkestyret om gjennomføring av samrådsmøte i Valldal oktober 2019.

Bjørg, Solveig og Nelly tek hand om vidare arbeid.

Sak 12/19 Møte plan.

Styremøte vert avvikla fyste tysdag kvar månad om ikkje anna er avtalt.

Sak 13/19 Face Book.

Styret vedtok å opprette eiga side. Kristi har sagt ho kan ta hand om det.

Sak 14/19 Skulemat.

Skulemat er sett opp som prosjekt for 2019 og leiar har hatt dialog med Valldal skule om det.

Der er midla å søkje på men det må vere i samarbeid med skulen. Mette vil undersøkje på stegleiar møte om det er interesse for vidare arbeid.

Sak 15/19 Seterbøkene.

Det er nødvendig å få betre oversikt over kva verdi bøkene har. Er bøkene forsikra der dei er lagra eller er det noko som laget må ordne? Nelly vil undersøkje.

Ref. Bjørg Sætren Kleppe

